

Det norske Cigarselskap

Til: Helse- og omsorgsdepartementet,
Einar Gerhardsens plass 3,
Postboks 8011 DEP,
0030 Oslo

Oslo, 6.august 2009

Høring av forslag om å innføre kombinasjonsadvarsler (tekst og bilde) på tobakbspakningene

I det langsiktige arbeidet med å åtvare mot skadevirkningar rundt røykjing, kan det vera formålstenleg med faktabasert og ærleg informasjon.

I dag framfører staten, som også må ha eit ansvar for å servera sannferdig informasjon, fryktbaserte budskap i grenseland som til dømes: "Røyking dreper". Punktum. Dette vert framført ubetinga utan atterhald; som ein slags garantert konsekvens på eit område der ingen forskning underbyggjer at ein festsigarett eller to pr månad tek liv.

I paragraf 4 i Dykkar notat viser ~~de til dødsfall~~ som skuldast røykjing.

Vår innfallsvinkel er å visa til at nytarar av kvalitetscigarar ikkje innhalerar. Me har god forskning for å understøtta at moderat cigarnyting ikkje går ut over helsa. Då er det lite sannferdig å påføra kassar med kvalitetscigarar at konsekvensen av å nyta innhaldet i desse kassane forkortar livet. Ja, å nyta cigar er verre enn å få svineinfluensa; for sistenevnde er der i alle fall ein viss sjanse for å overleva, i motsetning til røykjevarer.

Det har vore utført nærmare 100 forskningsprosjekt rundt cigar og helse. Diverre er det få som er relevante fordi dei inkluderar små cigarillos i statistikkbruken. Dette er produkt som mange røykjer som om det var ein cigarett. Vidare er det få forskningsprosjekt som skiljer mellom dei som innhalerar eller ikkje.

Den mest relevante og den største (100.000 individ) er National Cancer Institute sitt prosjekt; Monograph #9 Cigars: Health Effects and Trends. Det gamle Tobakkskaderådet brukte også denne rapporten, men dei kunne ikkje ha lese seg heilt fram til side 112 i den lange rapporten; i tabell 3 står der at for hovedgruppa av cigarnytarar; 35 til 49 år, er "mortality rate" for dei som nyter 1-2 cigarar pr dag 28% *lågare* enn for ikkje-røykjarane.

Slik me ser det, er det stor støtte for vårt syn som går på at moderat røykjing ikkje har negative effektar på helse. Kanskje tvert i mot. Kanskje fanatiske anti-røykjarar i eit svakt augneblink kan sjå at det er positivt for eit oppjaga folkeferd å nyta 1-2 cigarar pr veke?

I cigarmiljøet er det veldig få personar som røykjer så mange som 1-2 cigar dagleg. Vidare så veit ein ikkje kor mange av forsøkspersonane i prosjektet til National Cancer Institute som inhalerte samt relasjonen til kva type cigar/cigarillo. Ein må tru at ein andel innhalerte. Likevel, kombinerar ein dei tre aldersgruppene, viser tabellen at sett under eit lever dei som dagleg nyter 1 til 2 cigarar lengre enn ikkje-røykjar gruppa!

Dette bør ein ta konsekvensen av og me foreslår følgjeleg meir faktabasert informasjon. Ein internasjonal tekst som f.eks. "A cigar a day keeps the doctor away" kan vera meir proper. Ver grei og vurdér dette forslaget vidareformidla til rette EU-organ ved høve.

Me registrerar også frå ein annan høyringsinstans forslaget om å trykkja Røykjetelefonen sitt telefonnummer på sigarettpakningar. For det norske marked tilbyr me oss at de må gjerne trykkja vår adresse på *cubanske* cigarkassar. Vår klubb tek gjerne på seg arbeidet med å gjera greie for fordelene rundt cigar og helse; uten offentlege støttemidlar.


Ellers ser me at Helsedirektoratet ber om å få tilsynet med den nye type merkjing når den vert innført. Her vil me anbefala eit anna direktorat som kanskje vil ha ei meir nøytral og faktabasert tilnærming til oppfølginga; kanskje til og med visa litt fleksibilitet i saker der det er behov for å visa sunn fornuft. I eit vestleg demokrati må det vera lov å forventa objektiv handsaming; fanatiske særgrupperingar har ikkje vore bra i så måte; ref. igjen det gamle Tobakkskaderådet. Konfrontert med ovanstående synspunkt frå NCI saka ga dei oss skriftleg uttrykk for at *sjølv det minste cigarforbruk er skadeleg for hjarta*.

I og med at også Forskningsrådet har gitt tilsvar til denne høyringa, kan dei kanskje vera behjelpelege med tolkning av denne kompliserte forskningsrapporten på 250 sider.

Konklusjon: Fjern all merking på håndrulla cigarar som er uten tilsetjingar. Er konsekvensen av cigarnyting så fatal som staten med store bokstavar advarar mot, bør staten visa ansvar og forby import, salg og bruk av produkt som medfører dauden.

I mange relasjonar i samfunnet er brukaren ein naturleg høyringspart. Sjølv om dette går på tobakk, må de gjerne ved framtidige høyringar vurdere å konsultera oss som brukarar.

For styret i Det Norske Cigarselskap



Ole G. Hauso

- President -

Kopi: Rogaland Cigar Forum
Christiania Cognac og Cigarcompagnie
Grenland Cigarforening